

AUSTRHEIM KOMMUNE
Sætre marka 2
5943 AUSTRHEIM

Dato	19.09.2022
Vår referanse	2022/65419-4
Dykkar referanse	
Sakshandsamar	Kari Elster Moen
E-post	Kari.Elster.Moen@vlfk.no
Telefon	95288829

Tekniske teikningar - Nordlibrekka fortau - planlegging og gjennomføringsavtale - gnr 149 bnr 7 - Austrheim kommune

Vestland fylkeskommune viser til e-post de sende oss den 18.08.2022 med føresegner, illustrasjonsplan, prinsippskisse og arealplankart. Vi viser og til e-post frå 08.09.2022 der de informerer om prosjekteringskostnader.

Som nemnt for dykk i møtet den 18.08.2022 treng vi tekniske teikningar før det kan inngåast gjennomføringsavtale. Vi har sett litt nærmare på dette etter møtet, og ser at terrenget gjer at fortauet må teiknast ut for mellom anna å sjekke om krav om rekkverk eller mur trer inn jf. handbok N101 kapittel 2.3.

Det er mellom anna fartsgrensa på staden, trafikkmengd og breidda på fortauet saman med skråningsutslag som gjer at det kan kome krav om ei form for rekkverk for å hindre utforkøringsulukke. Dette må ein med kunnskap om desse krava gå gjennom og klargjere for dykk.

For å sikre at det som blir bygd er innanfor krava både til tryggleik og til konstruksjonen med tanke på framtidig drift og vedlikehald må de sende oss C og F-teikningar jf. handbok R700.

Med helsing

Hege Løtveit
leiar
INV - Forvaltning Bergensområdet

Kari Elster Moen
senioringeniør
INV - Forvaltning Bergensområdet

Brevet er elektronisk godkjent og har difor inga handskriven underskrift